

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: J7T246

Registrert dato: 30.11.2022 21:48:12

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
- På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Føretak/lag/foreining

Alver kommune, stab samfunnsutvikling, næringsutvikling

Namn på innsendar

Tove Hagenes

Rolle

Hovudprosjektleder samfunnsutvikling

Adresse

Postboks 4

Postnummer

5906

Poststad

Frekhaug

Telefon

95857650

Telefaks

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

Uttale

Kommunedelplan for oppvekst, innspill

Under punkt 4, Tenesteskildringar, der tjenestene som er lagt til oppvekstsektorener presentert, er følgjande nevnt under punkt 4.4 om grunnskolen i Alver:

I Alver kommune

Born i Alver skal oppleve barnehage, skulefritidsordning og skule som sentrale arenaer i eige liv. På desse arenaene skal dei møte engasjerte vaksne som rettleiarar i oppveksten til et godt vaksenliv. Vår aller viktigaste oppgåve er å kvalifisere alle unge til studiar og arbeidsliv etter endt skolegang. Skulane i Alver ønskjer å vere framtidsretta og i det ligg det at vi tar kunnskapssamfunnet sine rammer på alvor. Vi har fokus på å vere ein lærande organisasjon der samarbeid, delingskultur, organisasjonsutvikling har fokus. Vi skal vere resultatorientert på alle nivå.

Stab samfunnsutvikling, næringsutvikling i Alver kommune ønskjer å komme med eit innspel med oppfordring om å satse på kompetanseutvikling som skal hjelpe ungdomsskoleelevar i kommunen til å kunne ta meir bevisste utdanningsval i retning av det kompetansebehovet næringslivet i regionen har behov for. Dette vil vere eit verktøy som kan kome til gode for alle elevar i ungdomsskulen (og i vidaregåande), og ikkje berre til enkelte grupper. Vi meiner det trengs ein ungdomsskulesatsing i form av ein ungdomsskolestrategi som kan løfte tilbodet på yrkes- og utdanningsretteleing i skulen ved å etablere ein handlingsretta samheng mellom elevars bevisstgjerjing av utdanningsval, næringslivets kompetansebehov og utdanningsinstitusjonars skuletilbod.

Målet med ungdomsskolestrategien vil være

- å kunne tilby ungdom utdanning og arbeidsplassar som næringslivet i regionen treng
- å legge til rette for at ungdommane våre kan få utdanne seg, jobbe og bu i vår region

- å gi elevar individuell hjelp til bevisstgjeriing av utdanningsval i trå med kompetansebehovet i kommunen
- å redusere fråfall og feilval i skulen
- å fokusere på kompetansebehov i det grønne skiftet
- å legge opp til at lokale skular og utdanningsinsitusjonar får tett dialog med næringsliv om kva for linjer og fag som trengs for å dekke kompetansebehov i det grønne skiftet
- å gje rådgjevar og lærar eigarskap og innføring i metodeverket og prosessen gjennom prosjektet
- å kunne gje vårt lokale næringsliv relevant kompetanse

Meir om strategiforslaget:

Ungdomsskulestrategi og ungdomsskulesatsing

Kompetanseutvikling og symbiose mellom næringslivets kompetansebehov, elevars bevisstgjeriing av utdanningsval og utdanningsinstitusjonars skuletilbod

Mangel på kvalifisert arbeidskraft til være ein felles utfordring for mange regionar i Europa framover. Dette vil særleg gjelde innanfor nye yrke innanfor industri, teknologi og fornybare bransjer innan det grønne skifte og innanfor helse. I Alver og Nordhordland erfarar vi allereie stor mangel på arbeidstakarar innanfor fleire bransjar. Vi opplever at industrien etterspør kompetanse innanfor det grønne skiftet som ikkje dekkast opp gjennom utdanningstilbod regionalt, eller som ikkje får tilstrekkeleg med søkjarar til linjene, eller at det er ein forseinking mellom etterspørsel og tilbod. Mange arbeidsinnvandrar har også returnert til sine heimland eller busett seg i andre land. Vi treng derfor dei elevressursane vi har i eigen kommune og region.

Regionen vår har særleg mange arbeidsplassar innanfor industri, først og fremst knytt til olje og gassnæringa. Når denne næringa gradvis skal utfasas og erstattas med mindre utslippsbar energiproduksjon, vil det vere viktig at næringslivet kommuniserar sine behov i tett dialog med ungdomsskuler og vidaregåande, og at utdanningsinstitusjonane ser behov for å opprette fag som tilbyr denne kompetansen.

Ein undersøking som vart gjennomført i Sunnhordland, gjekk ut på å la ungdomsskoleelevar krysse av for kva yrke dei kunne tenke seg å utdanna seg i. Ein femtedel av yrka vart ikkje kryssa av for av nokre av elevane, men det var særleg kompetanse innanfor desse yrka næringslivet etterspurde. Årsaka var truleg at dette var nye yrke som elevane ikkje hadde fått kjennskap til, til dømes innafor digitalisering, robotisering og kunstig intelligens. Næringslivet opplev i dag at elevar generelt ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om morgondagens yrker.

Denne kompetansen kan aukast gjennom ein ungdomsskolestrategi i form av eit pilotprosjekt leia av Alver kommune, stab samfunnsutvikling, næringsutvikling (ekstern finansiering), der elevar i ungdomsskule og vidaregåande får individuell hjelp til bevisstgjerung av eigne forutsetningar, preferansar og interesser til å ta informerte og reflekterte utdanningsval og kjenne til moglegheiter knytt til det lokale kompetansebehovet. I dette ligg det konkrete aktivitetar som individuell kartlegging og veiledning, bedriftsbesøk, utplassering, hospitering, mentoring, praktiske øvingar og refleksjon i plenum.

Vesentleg for prosjektet er forankring hos skoleeigar Alver kommune og Vestland fylke. Sentrale aktørar vil vere rådgjevarar i ungdomsskule og vidaregåande skole, lærarar, samarbeidspartnarar innanfor næringsliv, innovasjon og etablering, Vestland fylkeskommune og Alver kommune. Det vil etablerast ein gruppe med desse aktørane som vil møtast jamleg for tett oppfølging og evaluering. Elevar vil få tilbod om kartlegging av interesser og preferansar, og rådgjevarar (og lærarar) vil få opplæring i metodikken for å gjennomføre prosjektet. Prosjektet vil etter planen vere treårig og er meint å vere ein del av eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Prosjektet er ein viktig del av næringsplanen til Alver kommune, som vi skal iverksette i 2023. Stab samfunnsutvikling, næringsutvikling ønskjer å invitere til dialog, slik at vi kan jobbe saman om dei formuleringane vi meiner bør inn i oppvekstplanen.